

«Israels statsminister beklager angrepet på Rafah, men bombingen av flyktningleiren må fordømmes»

▶ VÅRT LAND PÅ LEDERPLASS, SIDE 2

vårt land

ONSDAG
29. MAI 2024
uke 22 / nr. 121 / 80. årgang
KRONER 42

«OG DETTE BER JEG OM, AT DERES KJÆRLIGHET MÅ BLI MER OG MER RIK PÅ INNSIKT OG DØMMEKRAFT.»

Dramatiske kirkekutt

Den norske kirke styrer mot millionunderskudd i 2024. Nå fører uforutsette ekstrakostnader til at 19 administrative stillinger skal kuttes de neste to årene. Og flere kutt skal det bli. ▶ SIDE 4

Foto: Erlend Berge

UNDER SPERREGRENSEN – EKSPERT PEKER PÅ BRÅK I UNGDOMSPARTIET



Rødt ras

▶ SIDE 6–7



Markus Kvavik og Anne Hansli står i spissen for hver sin menighetsplanting i Misjonskirken Norge.

De vil plante menigheter ved å flytte inn i nye nabolag

▶ SIDE 5



Har returnert 6,4 millioner kroner til flyktninger

▶ SIDE 10–11

Sender innbetalt skatt tilbake til flyktningar



FOR HARDT SKATTA: Skatteetaten har returnert 6,4 millionar kroner til flyktningar som har betalt ein skatt dei ikkje skulle ha betalt – og fleire skal få.

BJØRGULV K. BJÆN

bjbj@vl.no

Arne Viste har eitt ord for det som har skjedd – og skjær:

- Skandale.
- Det er ein skandale at dei måtte betale, og det er ein skandale at Skatteetaten ikkje vil finne dei som skal ha pengar tilbake frå staten, seier han til Vårt Land.

Han snakkar om dei mange millionane som ikkje skulle ha vore betalt inn til staten i form av trygdeavgift.

Vårt Land har fått ein statusrapport frå Skatteetaten:

- Til saman er det fatta 55 vedtak i saker som gjeld refusjon av trygdeavgift.
- Per mai er det refundert 6,4 millionar kroner.
- Rundt 140 saker er ikkje avslutta.

Opp mot ein halv million

– Dei aller fleste vedtaka gjeld krav frå 10.000 kroner og oppover, fortel seksjonssjef Lene Ringså i Skatteetaten til Vårt Land.

Mottakarane har fått frå

nokre tusen til nær ein halv million kroner, opplyser Viste om dei som han hjelper.

Han etablerte i si tid vikarfirmet Plog som hjelper papirlause flyktningar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden, men som likevel blir i Norge.

Betalte ein skatt dei ikkje skulle ha betalt

Viste har i ei årrekke engasjert seg i levekåra til papirlause og ureturnerbare flyktningar, personar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden, men

som av ulike grunnar ikkje kan sendast tilbake til heimlanda.

Han har avdekt at flyktningar i fleire år betalte inn trygdeavgift til staten fordi dei fekk lov til å ta løna arbeid sjølv om dei ikkje hadde opphald i Norge, men dei skulle aldri ha betalt ei krone i trygdeavgift, for dei hadde aldri medlemskap i folketrygda.

Mista retten til å arbeide

Den første som fekk refundert innbetalt trygdeavgift, fekk tilbake 232.250 kroner for åra 2002-2011, fortalde Vårt Land i januar i fjor.

Det var Skatteetatens opprydding hausten 2010 som skapte problem for papirlause og ureturnerbare. Aftenposten avdekte at kriminelle lett kunne få godkjent falsk ID når dei søkte om mellombels personnummer.

Då Skatteetaten skjerpa inn rutineane ved årsskiftet 2010-2011, blei alle som hadde fått eit mellombels personnummer, eit D-nummer, pålagt å møte til fornye ID-sjekk for å få skattekort.

Dermed mista ei stor gruppe asylsøklarar med endeleg avslag, i januar 2011, retten til å arbeide i Norge. Desse hadde fått

UTBETALINGAR: Seksjonssjef Lene Marie Ringså i Skatteetaten opplyser at 55 saker er avgjort og til saman 6,4 millionar kroner er refundert.
Foto: Erlend Berge



PAPIRLAUSE: Arne Viste (t.h.) har i ei årrekke arbeid for papirlause i Norge - her frå rettsaka i 2019 der han blei dømt for å ha gjeve vikarjobbar til papirlause.

Foto: Erlend Berge

TRYGDEAVGIFT

◊ Fram til 2011 fekk papirlause og ureturnerbare personar eit D-nummer, eller eit mellombels personnummer. Dermed kunne dei få skattekort frå Skatteetaten og rett til lovleg, løna arbeid. Desse betalte også inn trygdeavgift på 7,8 prosent av bruttoløn.

◊ Det skulle dei ikkje gjort, for dei hadde ikkje gyldig medlemskap i folketrygda.

◊ No returnerer Skatteetaten innbetalt avgift – til dei som set fram krav sjølve.

◊ Mange er papirlause i Norge, andre har fått opphald.

Me har no oppretta ein særskild dialog med UDI for å prøva å skaffa den nødvendige dokumentasjonen, då me forstår at det er krevjande for nokre skattepliktige å sjølv skaffa dette

Lene Ringså, seksjonssjef Skatteetaten



SKATTESJEF: Finansminister Trygve Slagsvold Vedum (Sp) på statsrådskontoret i Finansdepartementet.
Foto: Fredrik Værjell / NTB

D-nummer og med det skattekort. Styresmaktene konkluderte med at dei hadde tetta eit smothol.

I åra fram til 2011 hadde dei som hadde hatt løna arbeid, heilt lovleg, betalt inn i trygdeavgift på 7,8 prosent av bruttoløn.

Ber finansminister Vedum om å snu

Arne Viste er glad for at Skatteetaten returnerer pengar som er svært viktige for dei mottakarane. Men han refsar den «mangelnde politiske viljen til å rydde opp»:

– Her har både Støre-regjeringa og Stortinget ein jobb å gjere. For det første skulle finansminister Trygve Slagsvold Vedum pålagt Skatteetaten å finne alle som har rett på pengar.

I dag må dei som meiner å ha rett på innbetalt trygdeavgift sjølv finne ut at dei har krav på pengane, så må dei setje fram krav til Skatteetaten.

– For det andre har Skatteetaten vegleiingsplikt etter forvaltningslova, altså kan dei drive oppsøkjande arbeid, men Stortinget vel å ikkje gå inn i den saka og stille Vedum til ansvar.

Var ikkje medlem i folketrygda

I februar i fjor slo finansminister Vedum fast Skatteetaten ikkje skal drive oppsøkjande verksemd. Det blir opp til den einskilde å be om refusjon, for saka er blitt opplyst i media, melde Sp-ministeren:

«Personer kan henvende seg til Skatteetaten både på engelsk og andre språk dersom de ikke forstår norsk, for å få veiledning og bistand til å få rettet tidligere skattefastsettinger», skreiv Vedum i eit brev til Stortinget.

Seksjonssjef Ringså i Skatteetaten forklarar at dersom ein person feilaktig er blitt kravd trygdeavgift, kan vedkommande be om endring av likninga.

– Når det i slike tilfelle blir framlagt informasjon som viser at ein person ikkje var medlem av norsk folketrygd, vil Skatteetaten kunna betala tilbake den feilaktige betalte trygdeavgifta.

Om bunken på nesten 140 saker som ikkje er behandla ferdig, seier Ringså:

– Blant desse sakene er det fleire saker der me ikkje har fått naudsynt dokumentasjon om at personen ikkje var medlem av folketrygda. Me har no oppretta ein særskild dialog med UDI for å prøva å skaffa den nødvendige dokumentasjonen, då me forstår at det er krevjande for nokre skattepliktige å sjølv skaffa dette. UDI er Utlendingsdirektoratet.

Får ikkje renters rente

På summene som blir refunderte blir det også utbetalt renter for tidsperioden frå betaling fann stad og fram til fristen for tilbakebetaling.

– Per 1. januar 2024 er denne 4,50 prosent. Det blir ikkje utbetalt renters rente, opplyser Ringså.



FRISKE MIDLER: Eierne av TVL tilfører inntil tre millionar kroner til den kristne TV-kanalen TVL. De sier også ja til at TVL fusjonerer med produksjonsselskapet TV Inter. Fra venstre: Fridtjof Leif Gillobo, konsernsjef i Knif, og Alf Gjosund, TVL-redaktør.
Foto: Kåre Rønningen/Knif

Sier ja til sammenslåing mellom TVL og kristen TV-aktør

TVL: Knif-eierne er positive til fusjon mellom TVL og TV Inter. De ønsker også å skyte inn nye millioner i den kristne TV-kanalen, melder Dagen.

CAROLINE TEINUM GILJE

cte@vl.no

Eierne av TVL tilfører inntil tre millioner kroner til den kristne TV-kanalen TVL. De sier også ja til at TVL fusjonerer med produksjonsselskapet TV Inter.

Det ble bestemt på Knifs generalforsamling forrige uke, melder Dagen.

TVL har i dag et nært samarbeid med TV Inter. Millionene vil bli tilført den kristne TV-kanalen uavhengig en eventuell fusjon, skriver avisen.

Hallvard Eidheim, som inntil forrige uke var styreleder i Knif, bekrefter vedtakene til Dagen.

«Med dette har man etablert et lengre perspektiv på å finne andre eierløsninger for TVL, samtidig som man tar ansvar og bidrar til at kanalen kan bli bærekraftig i tråd med gjeldende strategi og utvikling», skriver han.

Økonomiske problemer

TVL var tidligere eid av Vårt Land, fram til kanalen ble besluttet nedlagt i januar i fjor. Begrunnelsen bak nedleggelsen var den gang manglende lønnsomhet. TV-kanalen ble reddet da Knif kom inn fra siden med fersk egenkapital på fem millioner kroner.

I fjor sommer ble det kjent at kanalen har store økonomiske problemer. Under et uformelt eiermøte i slutten av juni i fjor, fikk eierne beskjed om at de fem millionene kom til å være oppbrukt innen september. Opprinnelig var planen at disse skulle vare helt til neste sommer, skrev Dagen.

Måtte finne nye eiere

To måneder senere besluttet styret at Knif ikke skal tilføre nye midler til kanalen.

På en ekstraordinær generalforsamling i desember i fjor, ble det likevel vedtatt at Knif skyter inn 3 millioner kroner i TVL, mot at styret jobber aktivt for å finne nye eiere.

Redaktør i TVL, Alf Gjosund, uttalte den gang at det ikke var en overraskelse at Knif ikke ville sitte på eieransvar. Hans umiddelbare reaksjon på vedtaket var dette:

– Lettelse. Og et øyeblikkelig skifte i modus: I lang tid har vi kjempet for å unngå nedleggelse. Nå kan vi arbeide for å utvikle oss videre. Forskjellen på de to modusene er veldig stor, sa han.